

Arild Håkedal

# Guse-Steffan, segn eller soge?

I fjor var framsida av Jol i Åmli prega av vinnarfrimerket for tusenårsskiftet med hesteferjing frå Olstad. Den noko låge mannen, nr. 2 frå venstre, skal vere Gunstein Gjøvland (1873-1962). Nyleg kom eg over eit gamalt lydbandopptak med Gunstein der han fortel om bygdeplagaren Guse-Steffan. Eg hogg ved for Gunstein to somrar rundt 1960, dessutan vanka me der ein del på familiebesøk. Det var ei sterk oppleving å høyre røysta hans att etter 40 år, ikkje minst at det var same forteljinga eg høyrde som liten. Då Gunstein feira 85-årsdagen 20.8.1958, var eg med i selskapet, og eg hugsar at det var ein lydbandopptakar der. Ut i frå bakgrunnsstøyen på opptaket trur eg det må vere tatt opp då. Innhaldet er så interessant både språkleg (gamalt Åmli-mål) og historisk at eg har skreve det ned ord for ord. Nå er dette óg trykt i "Norske mållforetekster", men enten er dette redigert noko der, eller at den utskrifta støttar seg til eit anna opptak enn mitt. Dessutan trur eg språkforskaranes måte å gje att lyd på er for dei spesielt interesserte. Her kjem min versjon: (Hugs at mannen er 85 år og fortel utan manus. Gunstein bruka sjølvsagt rulle-r. Forklaringar og merknader etter forteljinga.)

- Ja, de va for i gånål ti, då kãm her ein innflyttar som dei kalla Guse-Steffan. Han budde ne-i Hegrelonden på Gjermones. Men der falt han å kjerjingja ut, å der tok han å vrei hãvo a kjerjingja si, å så kasta han henne då ut i Gjermonesstraumen, å der flaut ho agãre. Så måtte han då reise ut o Åmli sokn, å så flutt han opp te Felle, inni eit fjell -hell hå det æ- der ska vere ei store håle, å der ska Guse-Steffan ha butt, te de at han blei slegjen i hel på Onesta.

Ja, de va tefelle denne her Guse-Steffan han va stor å svær. Men så der borte på Eppeland, dei kalla de Oppigar, der va au ein ørje kar. Å så va de Guse-Steffan som va på Gjermones, å så denne her Jo Andreson, han va gift mæ garjenta i Oppigar. Han va au så gampa sterk at de va ei gru. Ja, Ola Mo sa at han va så brei yve hãrdane at han kunne ikkje gå rett inn i ei vanleg dynn. Eg tenkjer dei kunne vel ha nåke heimebrent å slikt nåke dera nee i Sonde. Men så blei der utfall, så de detta dera at desse fælingane begynte å kjæptast å kjænglast. Å så la dei i hop å slåst. Der nee i Sonde, det gamle Ferjesonde, der va kanskje ikkje så sterke tefararar å de der. Å enten de va ryggjetak enn favntak, de veit eg ikkje, men de kan nå vere de same. Men Jo Andreson måtte ta eit gosta tak i Guse-Steffan. Å de leita så på at Jo Andreson trodde gjenom tile der. Men han rykte fo-




*Gunstein Terjesen Gjøvland (1873 - 1961) og kona Anne f. Mjåvasstøyl (1883 - 1963). Gunstein blei sett på som ein kapasitet på gamalt Åmli-stoff, og han blei oppsøkt og intervjuet av fleire folkeminneforskarar. Han etterlet seg ei rik samling av eldre dokument som nå har eigen plass i Statsarkivet, Kristiansand. Bilete utlånt av Kari Gerd Riisland.*

ten opp atte, men då hadde der sett seg ei splinte i leggen. De va tefelle at han surra bare dette her te atte mæ sokkebande, å dei hadde alder sleiest vørre enn då.

Men då jula dei opp Guse-Steffan, kan du lite på. Eg veit ikkje om han kunne krabba heim atte der på Gjermones at Hegrelonden, hell hãssen de va, men de tier histãrien om...Men de va aprøpos tebakes atte. Eg he konna namne på denna mannen på Onesta, men han va ne å så fekk han denne her dotter te Nere Bjønnsen Øy. Ei svær gampamas-ta kvinnfolk va de selvfølgjeleg, å så flutte han henne yve opp te Onesta...Å Sigríd Nerisdatter Øy, ho ba nå vel alle dei som kunne krupe å gå på Øy, tenkjer eg, for åsså kãme opp åsså drikkje på Onesta, for der låg heile økse-hãvo folle mæ brønnevin. Eit økse-hãvo veit de vel ikkje hå stort æ? Men de tok 6 anker. Å, dei måtte reise opp att dera på bryllaupsdagjen om kvelden, kan du sjyne, for bryllaupe stille vere den andre dagjen. Å deriblant va Telleiv Øy. Han reiste ut i sin rustning, han, mæ sprunsebila si i belte slik, he.. De va slik mæ slike svære gjestebod at dei måtte ha sine saker mæ seg, så at dei kunne forsvare seg. Å så va de om morgoen - dei susa vel å drakk kraftig om nåtta, tenkjer eg - men så kãm morgoen. Å så dei dere Onestahusa ve eg antake såg ut akkurat som her. De va tefelle der va dynn - der va glas yve dynna -som dei gjækk inn i fyste etasi. Der sto Telleiv Øy.. Ja, han hadde ikkje teke bila si emna i neva-

Hegrelunden ved Gjermonesstraumen. Her skulle det vere at Guse-Steffan heldt til medan han var i Åmli. For ein som levde i fare, måtte det gje ein tryggleik at eventuelle fiendar berre kunne kome til buplassen framantil, sidan resten av tomta var omgjeven av vatn, delvis som stryk. Fellesfløytingas senking av fossen og seinare bygging av brua, har sjølvstekt forandra landskapet.

Foto: Arild Håkedal



ne, men likevel, han sto færiige å speida utve denne her sletta. Eg veit ikkje hå vidt å svart der æ.. Men der ser dei Guse-Steffan kjem frå Steffanshåla på Felle, å hit sletta. - Nå kjeme Gusen, sa dei. - Å, sa Telleiv Øy, kjeme han. Ja, då må eg ha bila mi i orden. Nå ska han snart bli knekte, sa han, for eg he illvåven, eg. Han let opp glase der å - så va de tefelle at brua å brugåmmen dei måtte møte ut på tune. Brugåmmen mæ pottesbotlen mæ godt brænnevin, å brua mæ ein stor olballe - å de dere- mæ ol, å møte Guse-Steffan åttafor tråppa, å bee han velkomen. Du veit de va nå ikkje nåke rektige jilt for brua å sjå den - ho ville helst ha, selvfølgjeleg, den åsså liggje mæ som ho ha sett ut. Ja, nå de at Guse-Steffan ha fengje drokke ol å brænnevin, så blei han been inn. Ja, denne her Guse-Steffan, han konne trolle, å de der. Han såg Telleiv Øy sto mæ denne her jille bila si åttafor glase der, åsså han ville kløyve skallen på Guse-Steffan. Men Guse-Steffan - som konne trolle - han døyvde økseggjen der, så at den ikkje beit på. Men Telleiv Øy va kkje helle nåke domt krætur. I de der han ville sete øksa i skallen på han, så va han snapp te å snu øksenakkjen ne, som gjekk i Guse-Steffans skalle. Der slo han hå i håvoe. Guse-Steffan, han stupa som ein annan vebrande. Men då kan du vel begripe der blei glee i brudehuse. Ja, då reiste dei bare bort i jordkanten der, å så te åsså grave opp. Ja, dei begrov han akkurat som han gjekk å sto.

(Etter spørsmål frå selskapet:) Ja, de va slik at han ha tekje te seg den regelen at han sille liggje mæ brua den fyste nåtta - selvfølgjeleg. (Latter) Ja, de va nå te de der - hå mykje han fekk nå gjort de, de he ikkje eg greie på. Men de va nå tefelle at der va han nå begravet.

Å gofa kām der som merkjare forfærdeleg mange år etterpå, å han kjende histåria om Guse-Steffan. Han spurde mannen der om hå han va begravet. -Like bort i steinbakken. Der hadde dei steina han ut. Men gofa konne alder tru de, at han va så stor - å de der- som han ha blie steina ut. Men der låg han. Å mange år etterpå så kjem vår ærede kaptein Hans Norgår Tveit. Han blei eigjare av dette her brukje som Guse-Steffan blei knekte på. Å då va de tefelle at de va ein kar som konne dørkje jora, denne her gamle kaptein Norgår, å han braut å grefte opp der. Han kām te å

kaste opp nåka fæle legg- å lærbein. Ja de va aldeles umennskleg så store å svære leggbein å lærbein han ha. Å derme så va de tefelle - kapteinen va go te å skrive - han måtte ha eit stykkje i Agderposten, å de kām åsså, men eg hogsar ikkje, eg bry meg ikkje å slike histårier i dei dage. Eg goymde ikkje på de der, men de ha vore jilt å hatt. Denne her Lars Reieron, han fortålde au denne her histåria. Han sae de der, at jelle på han vog eit bismalpond.....

#### Merknader:

Om namnet Guse-Steffan, I "Norske Målføretekster" er Guse forklart som eit gardsnamn i Kvås eller Kvinesdal. I Nissedal Bygdesoge, Kultursoga, er eit sitat frå samlinga til Andreas Tveit, der han skriv: "Uppnamnet tyder vel paa at han saag gusten og glumsk ut." I Ivar Aasen "Norsk ordbok med dansk forklaring" har å guse denne forklaring: Krympe sig for noget man bliver nødt til at gjøre." Det er heva over tvil at Guse-Steffan skapte ei slik kjensle. Det kan åsså vere rom for fleire tolkingar. Hegrelunden er ein tange, eit nes, som stikk ut i stryka på vestsida av Gjermonesbrua. Ragnhild (Vesla) Eppeland f. Gjermones har sidan ho var lita høyrtydinga av namnet som: "Der det hegra og lo etter ein mann drap kjerringa si." Steffanshåla ligg sør for garden Skåli på Felle og blir i Nissedal Bygdesoge kalla Steffanstoga. Onstad er gardsnamn mellom Felle og Heimdalen. Gamal ferdssåre, Jon Anderson, som i forteljinga er gift med gardjenta på Oppigard, Eppeland, kjøpte denne garden i 1786 og selde han i 1798. Dette står i dei etterlatne papira til Torgils Hodne, som skulle skrive Åmli-soga. I dei same papira finn me Nere Bjønsson Øy (1698-1758) som budde der Oddvar Øi bur nå, og hadde dottera Sigrid Neresdotter Øy f. 1744 og gift med Nils Halvorson Onstad i 1771. Dersom ein skal tru historia til Gunstein, må då det omtala øksedrapet vore i 1771. I Nissedalsoga er referert ei sak frå tinget på Nordbø i 1678 der ein Steffen Gouse er dømd for "ugudelig Leffned". Det er omlag 100 år skilnad og kan ikkje vere same person.

Mannen som i forteljinga kløyvde skallen på Guse-Steffan var Telleiv Halvorson Øy (1735-1780) og budde på garden der Øy Galleri er nå. Hans Norgard Tveit kjøpte Onstad i



1901.(Nissedalssoga)

Lars Reierson levde fyrst på 1900-talet og var kjent for sine saftige og utmåla forteljingar. ("Ein lokal Münchhausen", seier Kjell Aasen.)

Eit oksehovud = 231,6 liter. Eit anker = 38,6 l. (Dei hadde nok av drikke på Onstad!) Eit bismarpund = 5,9 kg. Ei vanskeleg tyding er illvoven. Uskjøneleg, står det i "Norske Målføretekster". Brukt som adjektiv tyder illvoven i følge Ivar Aasen : vranten, vredliden. Kanskje har Gunstein vore tru mot forteljartradisjonen på sjølve ordet, men bytta er med har. I så fall får det meining: Telleiv er vranten, underforstått mot trolddom, derfor snur han øksa.

Gofa = bestefar.

Elles er det typisk for Gunstein med det fagfolk kallar "stilistisk utfylling": - så va de tefelle at- og -å de der - er formuleringar eg ennå hugsar han bruka.

Gunstein lika godt å servere det som på den tida blei oppfatta som grove forteljingar. Eg hugsar fleire, men siste setninga i denne forteljinga er eit praktksemlar. På lydbandet senkar Gunstein stemma, og eg ser ennå føre meg den gamle mannens mørke, kryptiske andletsuttrykk: "Jelle på han vog eit bismalpond." Ein mannleg utrustning på 6 kg var ein type av Guse-Steffans kaliber verdig! Samtidig passsar Gunstein på å ikkje øydelegge gehalten i resten av forteljinga med ei slik overdriving, han siterer jo bare Lars Reier

son.....  
Guse-Steffan sin spesielle erotiske appetitt på brura har engasjert før, det er diktet "Desperadoen" eit godt døme på. Det er skrive av den litterært interesserte Ivar Hirschholm Bentzen, som var prest i Åmli i 1854 - 63. Diktet står i samlinga "Stjernesud", trykt i Kristiansand i 1860. Der står óg visa om Staur Austenå (trykt bak i Tovdal bygdebok). Bentzen er mest kjent for forteljinga om Anne og Alet som inspirerte Gabriel Scott til å skrive "Jernbyrden", dessutan eit dikt som er så likt i innhald med "Terje Vigen" at eg har sett einskilde hevda at Henrik Ibsen har "stole" ideen... Så til diktet:

#### DESPERADOEN

I de kjække Thelers Hjem  
var en Desperado slem.  
Steffen Skaali hedte Manden.  
Vild som han var ingen Anden.

Steffen Skaali, blev der sagt,  
stod med Mørkets Aand i Pakt.  
Modig var han som en Løve,  
Kunde stjæle, myrde, røve.

Fra en Hule i en Skov  
drog, som Ulven, han paa Rov.  
Helst han røved dog, man siger,  
Kys fra Koner og fra Piger.

Alle følte Angst og Harm.  
Ingen rørte dog en Arm ;  
Ingen Skurken skjød for Panden.  
Saadan Skræk der stod af Manden.

Hvor der var en Bryllupsfest,  
kom han ukaldt som en Gjæst.  
Da man måtte kjækt forsvere  
Brudens Dyd, som var i Fare.

Banehug han fik tilsidst  
i et Bryllup, det er vist.  
Unnestad man kalder Gaarden,  
hvor man strakte ham til Jorden.

Med sin Søn i Laget ind  
traadte han med djævelsk Sind,  
og Besøget Bruden gjældte.  
Knive blinkede i hans Belte.

Men da reiste sig til Strid  
alle Mænd til samme Tid.  
Vaaben havde de ihænde,  
for hans frække Liv at ende.

Steffen brugte flinkt sin Kniv,  
kjæmpede tappert for sit Liv ;  
Blodet flød i brede Strømme,  
før Bærserken vilde rømme.

Ud af Huset Skurken foer,  
men da segned han til Jord ;  
thi ved Døren, som var aaben,  
stod der To med skarpe Vaaben.

Steffen Skaali og hans Søn  
høstede her en blodig Løn  
for saamangen Synd udøvet :  
Begge faldt med Panden kløvet.

Endnu viser man det Sted,  
hvor man grov Banditten ned ;  
endnu kan man Hulen finde,  
hvor han holdt sig med sin Kvinde.

Ennå er me ikkje ferdig med historiene om Guse-Steffan. I Gjerstad fortel dei, i følge eit avisreferat frå ein tur til Steffansstoga, at han sloss med bygdekjempa Borgar Aasbø.

I boka "Fortell Sámund, fortell mer.." vil forfattaren ha det til at Aanund Gangsei drap Guse-Steffan, men at 18 mann sette tollekniven i han etterpå for å vere solidariske... I Nissedal Bygdesoge heiter det at han kom rymande frå Birkenes sokn, der han hadde drepe ein mann, og plassen der ennå skulle heite "Mannslagardalen". For å kunne svare på spørsmålet i overskrifta - segn eller soge - vil ei gransking i tingprotokollar over drapssaker kunne fortelje meir. Eg har kontakta Statsarkivet i Kristiansand om denne saka, men dei hadde ikkje tid til å sjå nærare etter dette. Ein gong skal eg gå gjennom straffe -protokollane der sjølv. Inntil vidare får dei "fakta" eg har skrive om stå aleine, og ein kan bare gjere Engvald Bakkans ord til sine: "Ein må undrast..."